

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/5819-7

## Klage på avslag på søknad om skuleskyss

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tar ikkje klagen til følge.

#### Vedlegg:

Klage med vedlegg, 13.08.19

#### Andre relevante dokument i saka:

Avslag på søknad, 29.07.19

Underinstansen si handsaming av klagen, 23.08.19

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Anne-Lovise Almenning er elev i 1. klasse ved Stryn vidaregåande skule. I forkant av skuleåret 2019/2020 søkte ho fylkeskommunen om skuleskyss.

Elevar i vidaregåande skule som bur meir enn 6 kilometer frå skulen, har rett til gratis skuleskyss eller full skyssgodtgjerse, jf. opplæringslova (oppl.) § 7-2. Fylkeskommunen har ansvar for skuleskyss etter oppl. § 13-4.

Samferdsleavdelinga målte avstanden mellom heimen og skulen til å vere 4,6 km, og såleis under skyssgrensa. Fylkesdirektøren avlo søknaden om skuleskyss ved brev av 29.07.19.

Anne-Lovise ved føresette Kari Lin Kyrkjeeide og Arthur Almenning (klagar) klaga på vedtaket ved e-post av 13.08.19. Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans, jf. delegerings- og innstillingsreglementet kap. 1.4.3.

### 2. Klagar har i hovudsak gjort gjeldande

*Vi bur ved riksveg 15 som er bygd mellom 1970 og 1980. Det er sterkt aukande trafikk, med store og lange trailerar og vegen er ikkje utbetra sidan den blei bygd. Her er ikkje gang- og sykkelveg. Det er livsfarleg å bevege seg på riksvegen både til fots og med sykkel. Med autovern heilt inn kvitestripa på nedsida av vegen og skråningar/hamrar på oppsida av vegen, er det svært lite plass for gåande/syklende. Den gamle vegen forbi Lindset kan nyttast, men det er først 800-900 meter på riksveg som må passerast.*

*Dersom ho skal gå, så vil det ta ein time ein veg, ved å gå gamlevegen vil strekninga bli like oppunder 6 km målt i fylkesatlas. I tillegg til at det blir vinter og mørkt, morgon og ettermiddag, så får ikkje vi som foreldre oss til å sende 16-åringene ut på denne skulevegen.*

Klagar har også lagt ved eit bilete som syner "starten på skulevegen - med lastebilar som skal passere kvarandre". Klagen og bildet følgjer ved saksframstillinga.

Anne-Lovise Almenning klaga også på vedtaket gjennom det digitale programmet "Kringom skule", som elevane nyttar til å søke om skuleskyss. I den digitale klagen viste ho til farleg skuleveg "pga. riksvei 15 og der er ikkje gang- og sykkelveg".

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Avstand mellom skule og heim

Som nemnd innleiingsvis har elevar i vidaregåande skule som bur meir enn 6 kilometer frå skulen rett til gratis skuleskyss. Klagar viser til at dersom ho skal gå "gamlevegen vil strekninga bli like oppunder 6 km målt i fylkesatlas".

Ifølgje fylkeskommunen sitt Skyssreglement for elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane<sup>i</sup> punkt 2.2 blir avstanden målt slik:

*Kortaste gangavstand ein veg rekna frå bustad til opplæringsstad (dør til dør) vert lagt til grunn for måling av avstand. [...] Brøytt veg (inkl. gang- og sykkelveg) vert lagt til grunn. [...] Med gangbar og farande veg, er det meint vegar som ikkje er skilta forbode for gåande, til dømes tunellar. Vegar som ikkje blir lagt til grunn er private vegar som er stengt for allmenn ferdsel, trase over utmark og stiar og trakk med dårleg framkomst. [...] Fylkesatlas vert nytta for å måle avstanden frå dør til dør.*

Det er den kortaste vegen mellom heimen og skulen som blir lagt til grunn for å vurdere om avstandskravet i oppl. § 7-2 er oppfylt. Avstanden er 4,6 km, målt med Fylkesatlas. Den alternative vegen som klagar syner til, gamlevegen forbi Lindset, er ifølgje klagar også under grensa på 6 km. Vilkåret om avstand mellom heim og skule er i alle høve ikkje oppfylt, og eleven har såleis ikkje rett på skuleskyss.

#### Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Klagar skriv at det er «livsfarleg å bevege seg på riksvegen både til fots og med sykkel», og viser mellom anna til at det er sterkt aukande trafikk på vegen, og at det er lite plass til syklende/gåande mellom kvitestripa og autovern eller skrånningar.

Elevar i grunnskulen har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda dersom dei har «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg», jf. oppl. § 7-1. Det finst ikkje nokon tilsvarande rett for elevar i vidaregåande skule, sjå § 7-2. For elevar som bur under 6 kilometer frå skulen, har ikkje fylkeskommunen noko ansvar for skuleskyssen, uavhengig av tilhøva langs vegen. Når fylkeskommunen ikkje har ansvar for skuleskyss, er det opp til den enkelte sjølv å finne ein høveleg veg eller transport til skulen. Som fylkesdirektøren opplyser i avslagsbrevet tilseier alderen på elevane i vidaregåande skule at dei skal greie å ferdast i trafikken sjølv om tilhøva ikkje er optimale. Fylkesrådmannen tar såleis ikkje stilling til om skulevegen til klagar er "særleg farleg eller vanskeleg", då dette ikkje har tyding for retten til skuleskyss.

Fylkesrådmannen vil også peike på omsynet til likehandsaming. Avstandsgrensa i § 7-2 er objektiv og lik for elevar i heile landet. Det er andre elevar i vidaregåande skule i fylket som bur slik til at avstanden frå heimen til skulen er tett opp mot 6 kilometer, eller som har ein skuleveg der tilhøva ikkje er optimale. Heller ikkje desse har rett til gratis skuleskyss.

### **4. Konklusjon**

Avstanden mellom heim og skule er 4,6 kilometer og Anne-Lovise Almenning har difor ikkje rett til gratis skuleskyss etter opplæringslova. Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tar klagen til følgje.

<sup>i</sup> <https://img4.custompublish.com/getfile.php/3095107.2344.ubbfusxwa/Skuleskyss+-+skyssreglement+vgs+2015.pdf?return=www.sfn.no>